



UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for Sammenliknende Politikk

Våren 2013

SAMPOL 113 – Praksis i sammenliknende politikk

Fagevaluering

Av Jon Kåre Skiple

Universitetslektor/Emneansvarlig

Om emnet

SAMPOL 113 – *Praksis i sammenliknende politikk* er eit pilotprosjekt ved Institutt for samanliknande politikk (ISP). Prosjektet starta opp våren 2008. Bakgrunnen var eit ønskje om å redusera avstanden mellom universitet og arbeidsliv, samt å styrka profilen til grunnutdanninga som ei sjølvstendig, kompetansegivande utdanning. Tiltaket har vært etterspurt av både studentar og arbeidsliv. Haustsemesteret 2011 vart det starta eit prøveprosjekt kor studentar frå institutt for samfunnsøkonomi òg kunne ta praksisfaget via emnet Econ281. Det administrative og faglege ansvaret for desse studentane har låge under emneansvarleg i sampol113.

Gjennom praksisutplasseringa skal studentane sjå den faglige kompetansen samanliknande politikk gjev i høve til aktuelle samfunnsaktørar og arbeidsgivarar. Gjennom observasjon, samhandling, rettleiing og praktisk utøving skal studentane få moglegheita til å bli meir bevisste på si eiga yrkesrolle og yrkesmoglegheiter.

Praksisrapporten skal bestå av to delar. Samla skal den være på minimum 4500 ord og maks 6500 ord. Den første delen vil være på ca. 5 sider. Her skal bedrifta og arbeidsoppgåvene presenterast. Det skal òg innehalde ein drøftelse av deira kompetanse før og etter opphaldet. Til slutt skal den innehalde ein oppsummering av heile opphaldet. Del to skal bestå av ein større utredelses- eller analyserapport som blir bestemt av bedriften og utført for bedriften. Denne skal være på ca. 10 sider.

Våren 2013 var 19 studentar (13 sampol113- studentar og seks econ281-studentar) utplassert i følgjande bedrifter: Bergen Næringsråd, FN Sambandet Vest, Maritimt Forum, NAV Hordaland, Skatt Vest, Bergens Tidene, The Hub Bergen, Norsk sjømat, Sparebanken Vest, Vest-Norges Brusselkontor og Business Region Bergen.

Våren 2013 vart det halde ein felles undervisningstime, eit møte på arbeidsplassen og ein individuell rettleiing. Studentane fekk besøk av emneansvarleg på praksisstaden i løpet av februar/mars. Her vart praktiske spørsmål tatt opp saman med mentor i bedrifta og det vart diskutert tema for praksisrapporten. I løpet av semesteret leverte studentane inn to utkast av praksisrapporten på Kark, samt opponerte på andre studentar sine oppgåver. Opponering på praksisrapporter er obligatorisk. Det blei gitt ein individuell rettleiingstime etter innlevering av andreutkast på praksisrapporten.

Alle kandidatane leverte inn ein praksisrapport til eksamensvurdering og møtte til munnleg eksamen. Vurderingsforma for faget er godkjent/ikkje godkjent og baserer seg på ein heilskapsvurdering av praksisrapporten og den munnlege eksamen.

Om evalueringen

Denne evalueringa tar utgangspunkt i emneansvarleg sin vurdering av undervisninga og vurderingsforma, samt ei studentevaluering basert på eit elektronisk spørjeskjema via sendt ut via MiSide dagen studentane var ferdige med faget. 13 av 19 studentar svarte på evalueringa¹. Dette utgjør ein svarprosent på ca. 68 prosent. Bedriftene fekk ikkje tilsendt evalueringsskjema. Emneansvarleg har derimot vært i kontakt med bedriftene gjennom semesteret. I den forbindelse får emneansvarleg den nødvendige tilbakemeldinga frå bedriftene, og kan gjøre justeringar dersom det er naudsynt. Evalueringa tar først for seg emneansvarleg sin vurdering av undervisnings- og vurderingsform. Gitt at sampol113 er eit utradisjonelt fag, der det ikkje er vanlege førelesingar vil dei relevante aspekta ved faget diskuterast i denne delen. Deretter vil studentevalueringa analyserast og til slutt vil det diskuterast korleis evalueringa skal følgjast opp.

Emneansvarleg sin vurdering

Sampol113 har dette semesteret blitt tilbode for ellefte gong. Det kan trygt seiast at faget no har satt seg. Mengda studentar som søker og tar faget er no stabilt på 15-20 studentar. Dette semesteret vart det satt ny rekord med 19 studentar. Bedriftsmassen har òg stabilisert seg på rundt 10 bedrifter. Mengda studentar dette semester oppfattast som høgt, men overkommeleg. Frå emneansvarleg sin ståstad bør det ikkje bli fleire studentar enn 20 pr. semester. I så fall risikerer ein at kvaliteten på oppfølginga frå emneansvarleg, særleg med tanke på praksisrapporten, ikkje blir bra nok.

Kva angår undervisning i sampol113 har det dette semesteret, som tidligare, våre tre undervisningsmøter. Det første var eit felles informasjonsmøte for praksisstudentane som vart arrangert i starten av semesteret. Studentane vart informert om kva den komande praksisen ville innebere (opplegg på arbeidsplassen, arbeidsoppgåver, kva som forventast osv.) kva krav som ville bli stilt til praksisrapporten (formkrav og innhald), munnleg eksamen og underskriving av kontrakt. Informasjonsmøtet vurderast som viktig for å førebu studentane på kva som møter dei og basert på mengda spørsmål som vart stilt på dette møtet kan det trygt seiast at det er verdifullt.

Det andre undervisningsmøtet tok stad på arbeidsplassen til praksisstudenten i februar/mars. Her snakka emneansvarleg med student og mentor/kontaktperson hos bedrifta i fellesskap, deretter hadde emneansvarleg ein individuell samtale med både student og mentor/kontaktperson. Møtet blir vurdert som svært viktig for å halde kontroll på at studenten trives på arbeidsplassen, har framgang med praksisrapporten og føl dei retningslinjene som bedrifta har satt. Det er viktig at emneansvarleg har ein individuell samtale med både student og mentor/kontaktperson i bedrifta for å gi begge sider moglegheit til å fortelje om eventuelle ueinigheit. Alle møta dette semesteret opplevst som positive. Eit par studentar kunne fortelje om kommunikasjonsproblem mellom dei og nokon av dei tilsette i bedrifta. Desse problema var derimot ikkje

¹ Se vedlegg 1.

store og dei løyste seg i løpet av semesteret. På eit av møta kom det fram at bedrifta ikkje hadde satt seg godt nok inn i kva arbeidet med praksisrapporten innebar og at studentane derfor ikkje hadde fått den avsette tida dei har krav på til å arbeide med denne. Dette eksempelet viser at det er viktig at praksismøtet finn stad tidleg i semesteret slik at eventuelle misforståingar kan rettast opp i.

Det tredje undervisningsmøtet er eit rettleiingsmøte kor emneansvarleg gjev rettleiing på studentane sin praksisrapport. Dette fann stad i april, etter at studentane hadde levert inn sitt andre utkast av praksisrapporten. Studentane gav inntrykk av at desse var verdifulle og dette blir bekrefte i studentevalueringa.

Vurderingsforma i sampoll113 er bestått/ikkje bestått. Denne vurderinga blir gjort på bakgrunn av praksisrapporten og den munnlege eksamen. Sensor er emneansvarleg og ein professor frå instituttet. For å kunne levere praksisrapport og gå opp til munnleg eksamen må studentane først oppfylle dei obligatoriske arbeidskrava: opponere på andre studentar sine praksisrapportar og følgje den standardiserte kontrakten dei har med bedrifta. Vurderingsforma blir vurdert som bra. Gitt variasjonen i bedrifter og følgjeleg innhaldet i praksisrapporten kan det i nokon tilfelle være utfordrande å vurdere kva som skal til for at praksisrapporten ikkje skal bestå. Her har ein lagt seg på ei linje der ein fleksibel i høve til tema for rapporten (som betyr at det ikkje må være eit statsvitskapleg tema), noko som er heilt naudsynt, like fullt er det opplagt at rapporten elles må følgje instituttet sine krav til skriftlege innleveringsarbeid.

Emnet er utanfor normale kanalar og treng derfor ekstra promotering. Forut for haustsemesteret 2012 var det varierende søkartal, og stort sett under det ideelle talet på ca. 15 studentar per semester. Frå haustsemesteret 2012 og fram til dags dato har derimot søkartalet halde seg stabilt på rundt 20 søkarar. Emnet blir promotert via meldingar på MiSide, e-postar til studentar, instituttet sine heimesider og via eit informasjonsmøte på slutten av semesteret der studentar frå det inneverande kullet presenterer si bedrift og sitt opphald.

Dette semesteret var ein student utplassert i hos Vest-Norges Brusselkontor i Brussel i Belgia. Det er tredje semester studentar er utplassert der. Emneansvarleg var på besøk der i mars. Inntrykket frå dette besøket var svært positivt. Både bedrifta og studenten var nøgde med opplegget.

Studentane sin vurdering av praksisfaget

Studentane vart stilt ei rekke spørsmål knytt til deira oppfatning av praksisfaget. Hovudtrekka frå desse er at studentane er nøgde med praksisfaget. På spørsmålet «Generelt sett, kor nøgd er du med praksisfaget?» svarer 7 av 13 respondentar at dei er særst nøgd, medan 6 svarar at dei er ganske nøgd. Studentane er òg nøgd med arbeidsmengda i faget: 12 av 13 respondentar meiner arbeidsmengda er høveleg, medan 1 respondent meiner det var for mykje arbeid. I høve arbeid med praksisrapporten i forhold til resten av praksisen er det derimot større spreiding: 8 av 13 respondentar meiner arbeidsmengda med praksisrapporten var høveleg, 3

meiner det var for mykje arbeid med praksisrapporten, 1 meiner det var for lite arbeid med praksisrapporten og 1 meiner det var alt for mykje arbeid med praksisrapporten.

Samarbeid med emneansvarleg

Emneansvarleg har eit stort ansvar i praksisfaget ettersom han er ansvarleg for organiseringa av faget, kontaktperson på instituttet for både studentar og bedrifter, den som tar seg av den faglege oppfølginga i høve studentane sitt arbeid med praksisrapporten og er ein av to sensorar på eksamen. Det er derfor avgjørande for faget at samarbeidet mellom emneansvarleg og studentar/bedrifter er godt. Inntrykket frå spørjeundersøkinga indikerer at dette fungerer bra. Studentane er nøgde med kontakten med emneansvarleg og rettleiinga på praksisrapporten. På spørsmålet «Kor nøgd er du med rettleiinga på kurset?» svarar fire respondentar at dei er særst nøgd, 8 svarar at dei er ganske nøgd og ein svarar «verken eller». Med omsyn til samarbeidet med emneansvarleg svarar seks respondentar at dette var særst bra, medan sju respondentar svarar at dette var bra. Eit spørsmål tillater studenten å svare meir utfyllande om kontakten med emneansvarleg. På dette spørsmålet har berre fem respondert. Fire av desse er positive og dei vektlegg at emneansvarleg har vært rask til å svare på spørsmål. Ein av respondentane kunne tenkt seg fleire rettleingar.

Oppfatningar om bedriftene

Studentane er generelt sett nøgde med praksisbedrifta. Seks respondentar svarar at dei er særst nøgd med praksisbedrifta, fem respondentar svarar at dei er ganske nøgd med praksisbedrifta og to respondentar svarar verken eller. Når det gjeld oppfølging frå bedrifta finn ein det same mønsteret. Tre respondentar er særst nøgde med oppfølginga, sju respondentar er ganske nøgd, medan to respondentar svarar verken eller. Det same inntrykket får ein når ein spør studentane kor ofte dei møtte sin mentor/kontaktperson i bedrifta. Dei fleste respondentane svarar at dei har hatt kontakt med mentor/kontaktperson dagleg eller ein gong i veka. Når det kjem til arbeidsoppgåvene studentane fekk hos praksisbedrifta så svarar fem respondentar at dei er særst nøgde med desse, fem respondentar svarar at dei er ganske nøgde og tre respondentar svarar verken/eller. Studentane er òg av den oppfatninga at arbeidsoppgåvene var relevante for deira faglege bakgrunn. To respondentar er av den oppfatning at arbeidsoppgåvene i særst stor grad var relevante for deira faglege bakgrunn, tre respondentar er av den oppfatning at arbeidsoppgåvene i stor grad var relevante for deira faglege bakgrunn, seks respondentar er av den oppfatning at arbeidsoppgåvene i tilstrekkeleg grad var relevante for deira faglege bakgrunn og ein respondent er av den oppfatning at arbeidsoppgåvene i særst liten grad var relevante for den faglege bakgrunnen. Med omsyn til arbeidsmiljøet hos praksisbedrifta og kor vidt studentane følte seg inkludert i dette er responsen utelatande positiv. Respondentane er òg nøgde med tilrettelegginga hos praksisbedrifta (arbeidsplass, utstyr osv.). På spørsmålet om studentane kunne tenkt seg å arbeide hos praksisbedrifta etter ferdig utdanning er responsen varierende: fire respondentar svarar ja, fire respondentar svarar veit ikkje og fem respondentar svarar nei. Samanlikna med tidligare er dette ein noko lav mengd med ja-svar. Kva dette skuldast er usikkert. Alle respondentar svarar positivt på spørsmålet «Vil du anbefale instituttet å halde fram med praksis i bedrifta / organisasjonen / institusjonen?». Dette er ei viktig

oppmuntring til å fortsette samarbeidet med dei bedriftene som no tilbyr praksisplass.

Utbytte av praksisfaget

Kva angår utvikling av fagleg kompetanse under praksisopphaldet er responsen frå studentane variert. På spørsmålet «I kva grad har du utvikla den faglege kompetansen din» svarar fire respondentar i stor grad, fire respondentar svarar i nokså stor grad, fire respondentar svarar verken eller, medan ein respondent svarar i liten grad. Når det kjem til generell kompetanse meiner tre respondentar at dei i stor grad har utvikla denne, ni respondentar meiner dei i nokså stor grad har utvikla denne, medan ein respondent svarar verken eller. Studentane er nøgde med læringsutbytte av faget. To respondentar meiner dei har hatt stort utbytte av faget, medan elleve respondentar meiner dei har hatt eit nokså stort læringsutbytte av faget. Dette er ei oppmuntrande tilbakemelding som indikerer at studentane opplever faget som meningsfullt.

Ein målsetning med praksisfaget er at studentane skal sjå den faglege kompetansen samanliknande politikk gjev i forhold til aktuelle samfunnsaktørar og arbeidsgivarar. På spørsmålet om kva grad dei føler praksisfaget har bidrege til dette svarar ein respondent i stor grad, tre respondentar svarar i nokså stor grad, sju respondentar svarar verken eller, ein respondent svarar i nokså liten grad og ein respondent i liten grad. Gitt den nemnte målsetninga hadde det vore ønskjeleg med fleire positive tilbakemeldingar på dette spørsmålet.

Når studentane blir til spørsmålet «I kva grad har praksisopphaldet bidrege til at du har vorte meir medviten på di eiga yrkesrolle og framtidige yrkesmuligheiter?» er responsen meir positiv: to respondentar meiner praksisopphaldet i stor grad har bidrege, seks respondentar meiner praksisopphaldet i nokså stor grad har bidrege, medan fem respondentar svarar verken eller. Alle respondentar vil anbefale praksisfaget til andre studentar. Dette er ei oppmuntrande tilbakemelding som viser at studentane er nøgde med faget.

Tilbakemeldingar frå bedrifter

Tilbakemeldingane frå bedriftene angående studentane har dette semesteret vært utelukkande positive. Dei gir inntrykk av å verdsette arbeidet studentane gjer og er av den oppfatning at studentane bidrar positivt til deira arbeidsplass. Alle bedriftene dette semesteret har ønskja å fortsette samarbeidet.

Korleis skal evalueringa følgjast opp?

Hovudintrykket frå evalueringa er at både studentar og bedrifter er godt nøgde med praksisfaget. Studentane gir òg inntrykk av at arbeidsmengda med faget er høveleg og at dei generelt er nøgde med bedrifta dei har vore utplassert i. Dette oppmuntrar til vidare samarbeid med dei eksisterande bedriftene. Like fullt kan studentane si oppfatning av bedrifter og visa versa endre seg frå semester til semester. Det er derfor

viktig at emneansvarleg er påpasseleg med oppfølginga av studentane og kontakten med bedriftene.

Studentane er nøgde med samarbeidet med emneansvarleg og med rettleiinga emneansvarleg har gitt. Dette er viktig gitt emneansvarleg sin sentrale rolle i faget. Dette semesteret har ein hatt ein rekordhøg mengd studentar på praksisfaget med 19 studentar. 19 studentar har vært utfordrande, men overkommeleg. Dette vart særleg utfordrande i forbindelse med rettleiinga av praksisrapportane. Dette kan delvis skuldast at rettleiinga vart lagt etter 2. gangsinlevering i april og at det derfor vart noko tett opp mot endeleg innlevering av praksisrapporten i midten av mai, samt at arbeidsmengda for emneansvarleg generelt var mykje høgare i april enn i mars. Emneansvarleg foreslår derfor at rettleiinga på praksisrapporten blir halde tidligare i semesteret, ideelt sett i mellom 1 og 2.gangsinlevering av rapporten. I tillegg til at emneansvarleg då får betre tid på å førebu tilbakemeldingar til studentane vil dette minske risikoen for at nokon studentar hamnar på villspor i arbeidet med praksisrapporten. Emneansvarleg foreslår at mengda studentar på praksisfaget (i sin noverande form) i framtida ikkje blir høgare enn 20 stykk då dette kan føre til at samarbeidet mellom emneansvarleg og studentar ikkje vil halde den same kvaliteten det har gjort dette semesteret.

Studentane er generelt godt nøgde med læringsutbytte av faget og alle ville anbefalt andre studentar å ta faget. Dette er positivt. Det kan derimot synast som om noen av studentane har noko problem med å sjå korleis faget bidrar til å sjå den faglege kompetansen samanliknande politikk gjev i forhold til aktuelle samfunnsaktørar og arbeidsgivarar. På den eine sida kan dette være eit uttrykk for at studentane faktisk ikkje får brukt sin sampol-kompetanse i bedriftene, på den andre sida kan det være at studentane ikkje evnar å sjå at dei faktisk brukar sampol-kompetanse som metodekunnskap, kildekritikk, innhenting av informasjon osv. i arbeidet dei gjer. Kva ein kan gjere for å få studentane meir medvitne på dette er derfor usikkert.

Det er rom for forbetring med omsyn til Econ281 og samarbeidet med institutt for samfunnsøkonomi. Econ281 har sin respektive emneansvarleg og denne blir skifta ut kontinuerlig. Dette semesteret har det derimot vært uklart kva som er emneansvarleg på Econ281 sitt ansvarsområde. Dette skuldast i all hovudsak uklare retningslinjer kva angår ansvarsfordeling mellom emneansvarleg på sampol113 og emneansvarleg i Econ281. Dette semesteret har emneansvarleg på sampol113 hatt ansvaret for rettleiinga av Econ281-studentane sine oppgåver. Kor vidt dette er emneansvarleg på sampol113 sitt ansvar er uklart og må gjerast tydeligare. I samråd med emneansvarleg på Econ281 har det vært diskutert om rettleiingsansvaret med omsyn til Econ281-studentane skal flyttast til emneansvarleg på Econ281. Fordelen med ei slik løysing er at emneansvarleg på Econ281 blir meir involvert og det kan bidra til at Econ281-studentane føler seg betre følgt opp av sitt eige institutt.

Sampol113 i sin noverande form fungerer bra og det er ikkje behov for store endringar. Det er derimot viktig å være klar over utfordringane som kan oppstå i dette faget. Det er derfor viktig i framtida at emneansvarleg får bruke så mye tid per student som han gjer no. Det er òg viktig å halde oppsyn med og vurdere bedriftene

kontinuerleg.